

Agder Historielag

Postboks 136
4662 Kristiansand S
bankgiro 3000.20.3 6165
agder@historielagene.no
www.historielagene.no/Agder
Tlf. 38 02 61 05



ÅRSMELDING 2014

Tillitsvalde i 2014-2015 har vore:

Styremedlemer:

Beint Foss, Tveit Historielag, leiar
Eilert Skjævestad, Tromøy Historielag, nestleiar
Johannes Risnes, Kvinesdal Historielag, styremedlem
Bjug Åkre, Setesdal Sogelag, styremedlem
Morten Aslaksen, Vennesla Historielag, styremedlem
Kristian Sundtoft, Vestre Moland og Lillesand Historielag, styremedlem
Birgit Attestog, Setesdal Sogelag, styremedlem
Gunnar Thorstensen, Tromøy Historielag, styremedlem

Varamedlemer (personlege):

Helge Wiig, Mandal
Knut Engelskjøn, Kongshavn
Ragnhild Høydal, Kvinesdal
Astri Skuland, Marnardal
Gerd Lillian Olsen, Mandal
Lars Petter Østeby, Høvåg
John Seldal, Bjorbekk
Sveinung Lien, Tvedestrand

Valkomitéen:

Ellen Ledaal-Gjertsen, Arendal
Torgeir Retterstøl, Eide
Kjell Ove Sætren, Mandal
Anne-Berit Erfjord, Kvinesdal

Revisor:

Ettersynet av rekneskapen er gjort av
fylkesrevisjonen i Vest-Agder

Skrivar:

Borghild Løver, Lindesnes

Verksemda i laget:

Styret

Det har vore 3 styremøte og 37 saker på saklista i 2014. I tillegg har leiaren og skrivaren hatt nokre møte. Styremedlem Kristian Sundtoft døyde i 2014, slik at Lars Petter Østeby rykte opp som styremedlem.

Skrivar

Borghild Løver har vore skrivar tilsvarende 20% stilling i siste halvdel av året.

Kontorlokale og arkiv

Lagskontoret har i 2014 vore i Bentsens hus i Kronprinsens gate i Kristiansand sentrum. Medlemene i historielaget har kunna nå skrivaren per telefon dag som kveld og tinge bøker. Hovudlageret av bøker og årsskrift har vore på Statsarkivet i Kristiansand, dvs. på Gimlekollen.

Årsmøtet 2014

Årsmøtet vart halde på Revsnes hotell på Byglandsfjord laurdag 26. april 2014. Det var møtt fram 53 totalt, og 52 av desse var røysteføre lokallagsrepresentantar. Leonhard Jansen heldt eit engasjerande føredrag om "1814 – Eidsvollsmennene frå dalen".

Abonnetar og medlemslag

Agder Historielag hadde om lag 750 abonnentar den 31.12.2014. 40 av desse var medlemslag.

Økonomi

Abonnementet for 2014 var på 250 kr. Frå fylkeskommunane kom det totalt inn 220.000 kr i støtte, 100.000 av dei til Agdersoga. Rekneskapan viser eit overskot på i underkant av 100.000 kr, men dette skuldast at jubileumsboka ikkje vart ferdig i 2014, men vert prenta fyrst i 2015.

Me har ståande ei mengd bøker på lager, både av Agdersoga og seinare årsskrift. For fleire detaljar, sjå rekneskapsversyn og revisjonsmelding.

Heimesida og fjesboka

Internettsida vart i 2014 endra frå www.agderhistorielag.no til www.historielagene.no/Agder.

Utforminga av heimesida og opplegget for denne har Helge Stahl hatt ansvaret for. Det fine med heimesideopplegget er at lokallaga kan knyte seg opp til dette med eiga heimeside om dei ynskjer det – eller kan stå lenkja til ei side dei allereie har.

Historielaget er på fjesboka, og saman med mange, velviljuge hjelparar frå historielag rundt om, vert det stadig noko nytt på denne sida.

Agders Historie

Det er komne ut fire band av Agdersoga:

- 1920-1945 (Kjell Olav Masdalen, 1991, 2000 eks.)
- 1840-1920 (Bjørn Slettan, 1998, 2000 eks.)
- 800-1350 (Torbjørn Låg, 1999, 2000 eks.)
- 1641-1723 (Ingeborg Fløystad, 2007, 2500 eks.)

Det femte bandet (1350-1640), skriv Stein Tveite på.

Det sjette bandet (1945-2000) har historikar Dag Hundstad skrive på i halvanna år. Stoffsankinga og skrivearbeidet er tenkt å vere ferdig sist i 2014. I komiteén for Agdersoga sit Stein Tveite, Bjørn Slettan, Gustav Sætra, Berit Eide Johnsen, Beint Foss og Rune Holbek. Anne Tone Aanby er biletredaktør.

Årsskriftet 2014

Jubileumsboka var tenkt utkomen i 2014 og skulle erstatte årsskriftet dette året, men det viste seg å vere eit langt meir omfattande arbeid enn fyrst tenkt. Redaktør og eineforfattar var Dag Hundstad, som i tillegg heldt føredraget under jubileumsmiddagen 5. november i Klubben på Ernst hotell.